



Gunslingers, eit profesjonelt danseband i møte med fansen og sitt publikum.

**Gunslingers på Dønhaug er det same som full låve, stor stemning og høg allsongfaktor. For 5. gong levde det kjende bandet frå Hardanger opp til sitt gode rykte i Uskedalen. Eit publikumstal på 500 der alle billettane er utselde i god tid før kvelden, fortel litt om Gunslingers og suksessen deira, men også om Dønhaug som den leiande arenaen for låvedansar på Vestlandet.**

Gjennom tekstane og deira musikalske uttrykk lukkast Gunslingers. Repetoaret er kjend for fleire enn fansen. Alle syng med og mange kan vers på vers frå songane som vert framførde. Tekstane går for det meste på nynorsk og dialekt. Dette skaper identitet og god atmosfære. Lyden er god og vi merkar oss at bandet hadde eigen fotograf på plass på Dønhaug.



[500 gjester storkoste seg på låvedansen på Dønhaug.](#)

Gunslingers er ein sikker vinnar på Dønhauglåven. Muskarane gjennomfører ein intens konsert, samla i eit sett som varer i vel to timar. Utan pause og dauidtid held dei trykket oppe. Dei frammøtte frå heile Kvinnherad og regionane Sunnhordland og Hardanger dansar, syng og kosar seg.

Gunslingers fortener ros for fin framferd på scenen utan drikking og for mange rare faktar. Her er enkel og god kommunikasjon med salen, noko eit danseband står seg på over lengre tid.

Då er det berre for arrangøren, Dønhaug Gjestegard v/ Magne Huglen, å sikra seg Gunslingers til påskedansen i 2018.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal